

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rita Ludvigsen	FA-F49, TI-&10	23/7

Saknr	Utval	Type	Dato
009/2023	Formannskapet	PS	02.02.2023
013/2023	Kommunestyret	PS	16.02.2023

Avtale barnekoordinator Fensfjorden

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Framlegg til samarbeidsavtale barnkoordinator	19.01.2023
Samarbeidsavtale om barnekoordinator	03.01.2023
Samarbeidsavtale barnekoordinator - redigert avtale januar 23. Austrheim, Fedje og Masfjorden	09.02.2023
Samarbeidsavtale barnkoordinator redigert avtale januar 23. Austrheim, Fedje og Masfjorden	09.02.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til avtale om Barnekoordinator med Austrheim kommune gjeldande frå 01.01.23 Finansiering gjennom budsjettsalderinga.

Saksopplysningar:

Bakgrunn/Fakta/Vurdering

Gjennom «Likeverdsreforma» ynskjer regjeringa å gjere kvardagen enklare for familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller funksjonsnedsetting. Eit av tiltaka som trådde i kraft frå og med 1. august 2022, er at det bli lovpålagt at alle kommunar skal ha ein barnekoordinator.

I dialog mellom samarbeidspartane i Fensfjorden PPT våren 2022, vart det vurdert at det kunne vera tenleg at felles barnekoordinator for kommunane blir lagt som eit tillegg til samarbeidet vi allereie har etablert gjennom Fensfjorden PPT. Fedje kommune slutta seg til avtalen frå 01.08.22 i lag med Austrheim.

Saka har vore drøfta med helse og koordinerande eining i Masfjorden som ser behovet for ein barnekoordinator i samband med reforma. Denne stillinga vil kunne gje hjelp til familiare til barn med alvorleg skade, sjukdom eller funksjonsnedsetting, samtidig som det vil vera ein ressurs for dei som jobbar med barna. Stillinga er i utgangspunktet 40 % den er fordelt med 45% Austrheim 10 % på Fedje og evt. 45 % for Masfjorden. Kostnaden vil ver kr. 350.000,-. Avtaledato vert frå 01.01.23

Stillinga skal nyttast som ei rådjevande stilling. Det er ikkje barnekoordinator som skal utarbeide individuelle planar, men skal vera behjelpeleg i slike prosessar mellom anna.

Konklusjon

Masfjorden kommune inngår samarbeidsavtale med Austrheim kommune om 45 % av ei 40% stilling som barnekoordinator. Avtalen gjeld frå 01.01.2023 og vert evaluert og indeksregulert årleg i henhold til vedlagde dokument. Finansiering gjennom budsjettsalderinga.

Formannskapet - 009/2023

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak:

Formannskapet støttar framlegg til vedtak men ønskjer at saka går vidare til kommunestyret der oppdatert avtale vert lagt ved til det møtet. Rådmannen får i oppdrag å innarbeide moment frå diskusjonen i formannskapet i avtalen.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til avtale om Barnekoordinator med Austrheim kommune gjeldande frå 01.01.23 Finansiering gjennom budsjettsalderinga.

Kommunestyret - 013/2023

KS - behandling:

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune sluttar seg til avtale om Barnekoordinator med Austrheim kommune gjeldande frå 01.01.23 Finansiering gjennom budsjettsalderinga.